

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 002	15/709

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
68/2015	Formannskapet	PS	08.06.2015
47/2015	Kommunestyret	PS	17.06.2015

Kommunestruktur - løypemelding ulike løp

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Som kommunestyret er kjent med deltek Meland kommune i tre ulike utgreiingsløp med sikte på å finne fram til ein ny kommunestruktur.

Alternativ 1: Meland og Bergen

Alternativ 2: Meland, Lindås og Radøy

Alternativ 3: Meland, Lindås, Radøy, Austrheim, Fedje, Modalen, Masfjorden, Gulen og Solund

Målet med kommunereforma er å sikre gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, berekraftige og økonomisk robuste kommunar samt eit styrka lokaldemokrati. Med styrka lokaldemokrati meiner ein ikkje utelukkande folkevalde sine vilkår, men og nye oppgåver og større mynde til større kommunar.

Vi er kome ulikt langt i dei tre alternativa, og prosessane er lagt opp noko ulikt. Kva av dei tre alternativa som på sikt gjev Meland dei beste utviklingsvilkåra er enno ikkje klart. Vi treng difor meir kunnskap om dei ulike alternativa for å kunne ta eit rett val.

Det er viktig at innbyggjarane får god informasjon om prosessane som vert gjennomført i kommunen. Inndelingslova § 10 seier at kommunestyret bør hente inn innbyggjarane sitt syn på framlegg til samanslåing. Før det kan gjerast må det gjennomførast ei faktainnsamling som skal oppsummerast, samt at kommunestyret må ha fatta vedtak om vegen vidare. Dette for at innbyggjarane skal ha eit klart retningsval å ta stilling til.

Med retningsval meiner departementet at kommunane, etter å ha gjennomført ei felles utgreiing, har teke stilling til kva kommune/kommunar det kan vere aktuelt å slå seg saman med.

Alternativ 1:

Når det gjeld alternativet Bergen – Meland har vi utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag som kan leggjast til grunn for ein vidare prosess. Dokumentet er vedlagt denne saka. Dokumentet er ei rein framstilling av fakta, utan vurderingar. Kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd på administrativt nivå, men er presentert for ordførar og byrådsleiar før det vart offisielt sendt ut. Som ein vil sjå av dokumentet er det eit faktum at Meland og Bergen har ein felles bu- og arbeidsmarknad. Til tross for stor skilnad i storleik er Meland og Bergen ganske like demografisk. Dette gir eit godt grunnlag for tettare samarbeid og eventuell samanslåing.

Kunnskapsdokumentet er eit godt grunnlag for å gå vidare med kartlegging av føremoner og ulemper, samt ei meir prinsipiell drøfting av ulike tema inklusiv framlegg til styringsmodell. Sjølv om kunnskapsgrunnlaget er intressant nok, står det igjen eit godt stykke arbeid før vi kan presentere eit alternativ som kommunestyret og innbyggjarane kan ta stilling til. Vi veit såleis for lite til å meine noko om kva det betyr for Meland å slå seg saman med Bergen. Rådmann vil difor gjere framlegg om at vi går vidare i konkrete drøftingar for å få fram konsekvensen for Meland om vi slår oss saman med Bergen.

Alternativ 2:

Alternativet Meland, Lindås og Radøy er kome noko lenger i arbeidet med å ha klart eit dokument som seier noko om korleis ein ny kommune kan kome til å sjå ut. Vi legg til grunn dei utgreiingane Telemarkforskning har gjort (siste rapport våren 2014), og har gått rett på forhandlingar om ein intensjonsavtale i tråd med kommunestyret sitt vedak i sak 24/15.

Vi har gjennomført tre møte i perioden 27. april til 26. mai, og skal ha klart eit dokument som seier noko om kva prinsipp vi legg til grunn for den nye kommunen etter siste forhandlingsmøte 8. juni. Før det skal utkastet til avtale og kva vi har drøfta sålangt presenterast for alle formannskapa i møte 4. juni. Formannskapa i dei tre kommunane er styringsgruppe, men grunna knapp tid har det vore utfordrande å få arbeidet godt nok forankra i styringsgruppene.

Alternativ 3:

Det siste alternativet, Meland, Lindås, Radøy, Fedje, Arstrheim, Masfjorden, Modalen, Gulen og Solund har til no gjennomført to forhandlingsmøte 16. april og 27. mai. Det er beramma eit nytt møte 25. juni, samt eit møte i oktober etter valet. Her byggjer ein og på det som kom fram i Telemarkforskning sin rapport, og har gått vidare på det som vart omtala som fase to i den rapporten. Førebels har vi analysert sterke og svake sider for ein ny storkommune med utgangspunkt i tenesteyting, utøving av mynde, samfunnsutvikling og demokratisk arena. Vi har og drøfta ulike former for involvering av innbyggjarane. Faktagrunnlag og analysar som vert utarbeidd for dette alternativet, kan og nyttast for alternativet Meland, Lindås og Radøy. Det meste av informasjonen ligg tilgjengelig på nett, det handlar mest om å samanstille data og trekkje ut det som er vesentleg og interessant for den aktuelle prosessen.

Alternativet med dei 9 kommunane har ikkje kome så langt at vi har drøfta konkrete løysingar og prinsipp vi ynskjer å leggje til grunn for ein ny kommune. Det er likevel semje om å gå ut med ei felles innbyggjarundersøking i alle 9 kommunane til hausten. Her vil ein sjekke ut kva samanslåingsalternativ innbyggjarane i dei ulike kommunane meiner er best. Før det kan gjerast må vi vite meir om kva konsekvensar dei ulike alternativa kan få for vidareutvikling av Meland og regionen samla.

Vurdering

Det er utfordrande å kjøre så mange parallelle løp. Likevel er det viktig å ha reelle alternativ å vurdere på noverande tidspunkt. Det er viktig at den endelege konklusjonen vert gjort på grunnlag av best mogeleg fakta og analyse. Difor meiner rådmannen det er rett å prioritere tid på alle løpa enno ei tid framover.

Begge løpa mot kommunar i Nordhordland er lagt opp med siktemål at vi ikkje skal gjere endeleg retningsval før våren 2016. Når det gjeld Bergen har vi sagt at vidare løp skal avklarast i kommunestyret 17. juni.

Ettersom det er kommuneval til hausten er det og viktig at det nye kommunestyret får tid til å setje seg godt inn i saka før dei skal velje alternativ. For at vi skal kunne gjere eit best mogeleg vedtak, bør dei ulike alternativa for framtidig kommunemodell liggje føre samstundes, og vere så samanliknbare som mogeleg. Pr i dag er vi kome ulikt langt i dei ulike løpa, og vi kan difor ikkje samanlikne alternativ. Ut frå dette vil rådmann gjere framlegg om at vi går vidare i konkrete drøftingar med Bergen, med sikte på å få fram eit konkret grunnlag for avgjersle våren 2016.

I samband med at saker om kommunestruktur har vore oppe i kommunestyret er det frå ein skilde teke opp at vi og skulle ha utgreidd det alternativet at Meland held fram som eigen kommune. Så langt har det ikkje vore noko fleirtal for ei slik utgreiing, og rådmann har difor ikkje brukt tid på dette.

Når dei tre andre alternativa er ferdig utgreidd vil det likevel vere mogeleg å leggje dette inn som eit 4. alternativ, slik at kommunestyret reelt kan vurdere det. Kva som ligg i eit framtidig inntektssystem og i høve til å få nye oppgåver og større handlingsrom vil likevel vere viktige faktorar når ein vurderer realismen i at Meland held fram som eigen kommune.

Folkehelse

Folkehelse er i høgste grad relevant i drøftinga av kommunestruktur. Korleis ein ny kommunestruktur kan kome til å påverka folkehelsa i noverande, og i ein ny kommune er uråd å seie noko om i dag. Det er viktig at folkehelse og tiltak som er viktige for god folkehelse vert ein sentral del av dei framtidige forhandlingane.

Miljø

Endra kommunestruktur vil og ha sine miljømessige sider. Den nye kommunen si geografiske utstrekning, internkommunikasjon og organisering av tenestetilbod kan kome til å påverke miljøet i positiv eller negativ retning. Dei miljømessige sidene og kva prinsipp vi skal leggje til grunn for å ta vare på miljøet må få ein sentral plass i forhandlingane framover.

Økonomi

Basert på dagens inntektssystem er det ikkje store økonomiske gevinstar å hente ved ny kommunestruktur. Gevinstane ligg i så fall i meir rasjonell drift og stordriftsfordeler ein ikkje har i dag. Det føreset likevel at den nye kommunen får ein geografisk avgrensing som legg til rette for effektiv drift.

Regjeringa vil føreta ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunar. Dette vert lagt fram i kommuneproposisjonen for 2017. I denne gjennomgangen vil alle element i inntektssystemet bli vurdert. Inntektssystemet vil også bli sett i samanheng med kommunereforma.

Konklusjon

Framtidig kommunestruktur er ei stor og viktig sak. Det er difor viktig at vi set av tid til gode prosessar, og det å skaffe fram eit så godt avgjerslegrunnlag som mogeleg. Mykje er framleis uklart men vi har her presentert tre ulike løp som alle har sine sterke og svake sider. Sidan vi er kome ulikt langt i dei ulike prosessane, er dei ikkje lett å samanlikne i dag. Rådmann meiner difor det kan vere føremålstenleg å arbeide vidare med dei ulike alternativa, til vi har eit klart bilete av kva løysing dei ulike samanslåingsalternativa kan gi.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune ynskjer eit breiast mogeleg avgjerslegrunnlag og vil difor arbeide vidare med dei tre ulike prosessane for å utgreie alternativ for ny kommunestruktur. Dette inneber at:

1. Meland kommune går i reelle drøftingar med Bergen med sikte på å forhandle fram eit konkret alternativ for samanslåing.
2. Meland kommune held fram forhandlingane med Lindås og Radøy med sikte på eit konkret alternativ for samanslåing.
3. Meland kommune held fram forhandlingane med kommunane Lindås, Radøy, Austrheim, Fedje Masfjorden, Modalen, Gulen og Solund med sikte på eit konkret alternativ for samanslåing.

Når resultatet av dei ulike prosessane ligg føre seinast våren 2016 gjer kommunestyret endeleg vedtak om alternativ.

Formannskapet - 68/2015

FS - behandling:

Framlegg til tilleggspunkt 4 frå Sølvi Knudsen, SP:

Det vert sett i gang arbeid med å greia ut fordelar og ulemper med at Meland held fram som eigen kommune.

Framlegg til endring av rådmannen sitt framlegg til vedtak frå Marit Jøssang, Sølvi Knudsen og Åshild AAmli.:

Pkt. 1 - går ut.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 4 røyster for, (V, FrP, Ordførar si dobbelstemme), 3 røyster mot, (KrF, SP, SAM), og er såleis vedteke.

Framlegg til tilleggspunkt 4 frå Sølvi Knudsen fekk 3 røyster for (KrF, SP, SAM), 4 røyster mot, (V, FrP, Ordførar si dobbelstemme), og fall.

FS - vedtak:

Meland kommune ynskjer eit breiast mogeleg avgjerslegrunnlag og vil difor arbeide vidare med dei tre ulike prosessane for å utgreie alternativ for ny kommunestruktur. Dette inneber at:

1. Meland kommune går i reelle drøftingar med Bergen med sikte på å forhandle fram eit konkret alternativ for samanslåing.
2. Meland kommune held fram forhandlingane med Lindås og Radøy med sikte på eit konkret alternativ for samanslåing.
3. Meland kommune held fram forhandlingane med kommunane Lindås, Radøy, Austrheim, Fedje Masfjorden, Modalen, Gulen og Solund med sikte på eit konkret alternativ for samanslåing.

Når resultatet av dei ulike prosessane ligg føre seinast våren 2016 gjer kommunestyret endeleg vedtak om alternativ.

Kommunestyret - 47/2015

KS - behandling:

Felles framlegg til vedtak:.

1. Meland kommune held fram forhandlingane med Lindås og Radøy kommunar.

Det blir presisert at kommunar i Nordhordland som ønskjer å slutta seg til desse forhandlingane er velkommen til det. Dette bør i så fall skje innan 01.01.2016.

Det som er framforhandla mellom dei tre nemnde kommunane ligg til grunn for det vidare arbeidet dersom fleire kommunar sluttar seg til desse forhandlingane.

2. Konsekvensen av å fortsetja som eigen kommune må synleggjerast før ein tek endeleg stilling til ny kommunestruktur.

Avrøysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedeke.

KS - vedtak:

1. Meland kommune held fram forhandlingane med Lindås og Radøy kommunar.

Det blir presisert at kommunar i Nordhordland som ønskjer å slutta seg til desse forhandlingane er velkommen til det. Dette bør i så fall skje innan 01.01.2016.

Det som er framforhandla mellom dei tre nemnde kommunane ligg til grunn for det vidare arbeidet dersom fleire kommunar sluttar seg til desse forhandlingane.

2. Konsekvensen av å fortsetja som eigen kommune må synleggjerast før ein tek endeleg stilling til ny kommunestruktur.